



Høgskulen  
på Vestlandet

16/23-B - Rekruttering til åremålsstilling  
som dekan ved nytt integrert fakultet  
FIN/FØS for åremålsperioden  
01.01.2024-01.01.2028

Styremøte 27.4.2023

---

Forslag til samanslede fakultet FIN - FØS

PROSJEKTRAPPORT FRÅ PARTSSAMANSETT GRUPPE

3.APRIL 2023

# Rektor si innstilling

---

1. Det vert lyst ut åremålsstilling som dekan for eit nytt integrert fakultet FIN/FØS.
2. Rektor får fullmakt til å nemna opp innstillingsutval for åremålsstillinga som dekan med følgjande samansetting:
  - Rektor
  - Ein ekstern styremedlem med vara, peika ut av styret
  - To instituttleiar med vara, ein frå kvar av fakulteta FIN og FØS, peika ut av rektor
  - Ein tilsettrepresentant med vara, peika ut av organisasjonane
  - Ein student med vara, peika ut av studentane sine organ
3. Styret sluttar seg til rektor sine vurderingar om stillingsinnhald og kompetansekrav for dekanstillinga, og gjev rektor fullmakt til å utforma endelege utlysingstekst for stillinga.
4. Styret ber om at dekanstillinga vert lyst ut så snart råd er med sikte på å gjera vedtak om tilsetting i styremøte 15. juni 2023.



# Bakgrunn



- Bakgrunn er at styret i sak B 15/23 handsama og gjorde vedtak av samanslåing av fakulteta FIN og FØS.
- Det er gjort ei vurdering av om dei sittande dekanane har rettskrav på stillinga som dekan i eit nytt fakultet
- Vi vurderer at dekanstillinga på eit nytt og vesentleg større fakultetet enn dagens FIN og FØS vil medføra eit utvida fagleg og administrativt ansvar. Det tilseier at stillinga som dekan i nytt fakultet skil seg monaleg i ansvar og kompleksitet frå stillingane som dekan i FIN og FØS.
- På bakgrunn av dette er det vurdert at verken dekan på FIN eller dekan på FØS har rettskrav på dekanstillinga i det nye fakultetet, og at stillinga må lysast ut eksternt.

# Kompetansekrav

- › Høge krav til vitenskapleg kompetanse og god forståing for alle sidene av utdannings- og forskingsverksemd
- › Krava til formell kompetanse må leggjast på eit nivå som speglar det ansvaret og dei oppgåvene som vert lagde til dekanstillinga
- › Ønskjeleg å formulera kompetansekrava på ein måte som ikkje ekskluderer kandidatar utan doktorgrad, men som kan dokumentera høg vitenskapleg kompetanse.
  - › **Rektor si tilråding: «Høg vitenskapleg kompetanse, helst på førstestillingsnivå»**
- › Krav om generell pedagogisk kompetanse, god leiarerfaring, strategisk kompetanse, forståing for høgskulen sitt samfunnsoppdrag, forvaltings- og administrasjonskompetanse, saman med viktige personlege eigenskapar som evne til samarbeid, og til å skapa gode relasjonar internt og eksternt.

# Innstillingsutval

---

Rektor får fullmakt til å nemna opp innstillingsutval for åremålsstillinga som dekan med følgjande samansetting:

- Rektor
- Ein ekstern styremedlem med vara, peika ut av styret
- To instituttleiar med vara, ein frå kvar av fakulteta FIN og FØS, peika ut av rektor
- Ein tilsettrepresentant med vara, peika ut av organisasjonane
- Ein student med vara, peika ut av studentane sine organ

# Tidslinje



- › Hovudaktivitetane i tilsettingsprosessen er planlagt med slik framdrift:
  - › Veke 17: Styrevedtak om å lyse ut (27.4), og utlysing av stillinga (30.4)
  - › Veke 20: Søknadsfrist (21.5)
  - › Veke 21: Utveljing av kandidatar til intervju
  - › Veke 21/22: Vurdering av kandidatar
  - › Veke 23: Innstilling og utsending av tilsettingssak til styret (7. juni)
  - › Veke 24: Vedtak om tilsetting i styret (15. juni)